

## Var Carl Johan aldri trygg på tronen?

Det motsetningsrike huglynnnet til Carl Johan er alltid eit lokkande emne for historiegranskinga, — liksom ulöyste gåter. Somtid blir ein trylt af kraftoverskotet i han eller av hjartevarmen eller av eit praktfullt sinnes-utbrot. Men så kan ein oppdaga at han lyg eller spelar komedie. Og ein spør seg sjölv: kva var det som var ekte hos han? Somtid trur ein, og somtid tvilar ein.

Ei av alle motsetningane i han er det stendige skiftet mellom ovsterk tru på seg sjölv og sine eigne evner, vissa hans om at han stod over alle andre i militære, politiske, økonomiske og kanskje enda fleire spørsmål, så han i röynda var u-unnverleg, — og så på den andre sida den stendige mistanken om at andre la opp meinråder imot han, redsla for at han skulle bli sparka til sides.

Det var ikkje rart om han kunne ha slike tankar i det store omveltings-året 1814, da legitimitets-prinsippet vart gjort til lov for det nye Europa. Han meinte nok sjölv at han hadde gjort dei allierte så veldig ei teneste med krigsplanen sin for striden mot Napoleon, så dei burde vera æveleg takksame, og han venta seg stor lön for hjelpa. Han tenkte jamvel at han — i ei eller anna form — kunne bli sett til styrar for det gamle fedrelandet sitt, Frankrike. Men trygg var han ikkje, og så tenkte han det var best å ta på eiga hand den löna han på förehand hadde fått lovnad på, — herredömet over Noreg attåt Sverige. Han skilde jamvel lag med dei allierte og gikk i veg for seg sjölv med å tvinge Danmark til å avhende Noreg. Etterpå gikk han dessutan med på å ta imot den norske krona på mykje lempelegare vilkår enn han frå fyrsten hadde tenkt seg; han tykte han måtte skunde seg, så ikkje dei allierte skulle få tid til å gå ifrå lovnaden sin.

Men enda etter han såleis hadde vunni Noreg og komi seg til ro i Sverige, vart den utrygge kjensla sittande i han og døydde i grunnen aldri reint bort. Det har vori sagt at slik ein otte, og alle dei mistankane som den måtte avle, var eit sams drag hos alle grunnleggjarar for eit nytt kongehus. Men for Carl Johan kom ser-skilde vilkår attåt. Til Sverige kom han som ein utlending, ein framand, til Noreg jamvel som ein valdsmann som ville legge lan-

det under seg med krig. Og han kom aldri til å kjenne seg fullt heime i noko av desse rika sine. Men han hadde i seg ein levande trong til å bli elska, — det var eit djupt drag i lynnet hans, og det var sjølve det grunnlaget som skulle trygge stillinga hans. Det var eit utslag av både kjenslene og politikken hans at han i 1818 valde til ordtak for kongsgjeringa si: »Folkets kärlek min belöning». I desse orda kjenneteikna han seg sjölv. Og det same gjorde han da han ein gong på eldre dagar fortalde til ein av statssekretærane sine — anten det no var sant eller ikkje — at han i 1814 hadde avvist russisk hærhjelp til å vinne Noreg fordi det var klart at han ville ha vorti fælt upopulær i både Sverige og Noreg om han hadde nytta russar for dette formålet<sup>1</sup>. Popularitet var det kjæraste av alt for han, — og naudsynt. Difor vart det alltid eit spørsmål for han: Kan eg lite på folket mitt? Eller: Kan eg lite på *heile* folket?

Men hadde han bruk for folkekjærleik, så hadde han likså mykje bruk for venskap og stönad av stormaktene. Og dem hadde han enda større mistru til. Med den russiske tsaren hadde han avtale frå Åbo i 1812 om trygd for tronen sin. Men var tsar Alexander å lite på? Carl Johan kunne ha god grunn til å meine at dei mennene som stormaktene hadde sendt til Noreg i 1814, hadde sviakt han, — kanskje aller mest nett utsendingen frå tsaren. Og i alle dei storpolitiske forhandlingane det året kjente han seg einsleg og overgjeven. England var kanskje verst til å halde han utanfor.

Vonbrota og mistrua hans braut levande fram i samtalar våren 1815<sup>2</sup>, da Napöleón hadde komi att ifrå Elba. Serleg bittert tala han om England til sendemannen frå dei Amerikanske Sambandsstatane, *Jonathan Russell*<sup>3</sup>, — Amerika hade hatt sin krig med England i breidd med Frankrike. Den britiske regjeringa, sa Carl Johan da, var den trulausaste og mest korruperte på jorda, og ho vörte korkkje lovnader eller plikter lenger enn ho hadde vinning av dem. Han kjente seg i den stunda i slik ei motsetning til dei allierte så han sa — »in confidence», men det var andre òg som fekk höre det: »Eg er inderleg glad for at Napoleon har komi tilbake!» Dermed, sa han, kunne verda vinne att fridomen sin. Sjölv ville han freiste halde Sverige nöytralt i den nye krigen som måtte koma mellann Napoleon og dei allierte, og han ynskte ein allianse med Amerika til vern mot britisk overmakt.

Samstundes sa han ifrå i Wien at han ville halde krigs-

<sup>1</sup> Georg Ulfspærre, Från Karl XIV Johans dagar, p. 173.

<sup>2</sup> Höjer, Carl XIV Johan, II, p. 364 f.; A. Geffroy, Sverige og Rusland i det 19. Aarhundrede, p. 167—172.

<sup>3</sup> Sjä avhandlinga mi Bernadotte and Swedish-American Relations 1810—1814, i The Journal of Modern History, XVI, 1944, p. 285.

avtalane sine med dei allierte og sende hærhjelp mot Napoleon <sup>1</sup>. Og han måtte vera glad til at dei ikkje la større vekt på det han sa heime i Stockholm; for han fekk inga glede av den freistnaden Napoleon gjorde på å vinne att Frankrike.

Det kunne ikkje anna enn vekke uro og otte hos han at den einaste av dei andre av generalane til Napoleon som dei allierte hadde lati sitte i fred på tronen sin, Joachim Murat i Napoli, han vart no avsett og til slutt, i oktober 1815, jamvel skoten. Da Russell tala med kronprinsen om dette i november, var han fylt av harm over denne framferda mot Murat <sup>2</sup>. Han hadde ingen personleg venskap med Murat, sa han; men det var hån imot all lov og rett å la han döme for opprør som ein landssvikar. Med ei noko underleg rettskjensla sa han at den gamle kongen av Napoli heller burde ha sett nokre lasaronar til å myrde Murat med dolkane sine!

Samstundes kunne Carl Johan lesa i franske blad — Russell seier jamvel i sjølve den offisielle *Moniteur* <sup>3</sup> — at i det minste Bourbon'ane gjerne ville ha han avsett. Og Russell meldte heim <sup>4</sup> at det rådde i Stockholm ein febrilsk otte for kva framtid Sverige gikk i möte: »Framferda åt dei allierte etter den nye invasjonen deira i Frankrike öydelegg den siste vona om tryggleik bygd på deira måtehald, rettssans og godvilje».

Da dette siste vart skrivi, var Carl Johan sjölv borte frå Stockholm, på ei ferd til Noreg. Men det gjev nok eit rett bilete av koss han sjölv tenkte. Og Russell skreiv på eigne vegner heim <sup>5</sup> at når no den guddomlege retten for kongane vart gjennomført i full konsekvens, så ville Carl Johan utvilsamt bli det fyrste offeret for dette prinsippet.

Vi veit frå andre kjelder òg at Carl Johan i denne tida stadig var plaga av mistankar om at både innanlands og utanlands fiendar la opp råder om å drive han bort ifrå Sverige. Her skal eg fylgje alle dei skiftande uttrykka som desse mistankane gav seg i ulike høve, såleis som dei kjem fram i meldingane frå dei amerikanske sendemennene i Stockholm. I det minste ein av dem, han som var der lengst, *Christopher Hughes*, legasjonssekretær frå 1817, sia *chargé d'affaires* fram til 1826 og på nytt 1830—42, kom til slutt til å bli såpass gode venner med Carl Johan så han fekk retteleg bra kjennskap til kjenslene og tankane hos kongen. Og det er merkeleg å sjå kor titt og kor lenge Carl Johan la i dagen at

<sup>1</sup> Höjer, II, p. 366 f., Schinkels Minnen, Bihang, III, p. 378—79.

<sup>2</sup> Rapport frå Russell 10. januar 1816.

<sup>3</sup> Rapport 15. novbr. 1815; sfr. Schinkels Minnen, IX, p. 313—14.

<sup>4</sup> Rapport 30. septbr. 1815; sfr. Geffroy, p. 171.

<sup>5</sup> Den för (s. 267, note 3) citerte rapporten frå 27. mai 1815.

han ikkje kjente seg trygg på den tronen han hadde vunni i Sverige.

Det kjentes som ei trygging for han at han fekk lov å vera med i den fyrstelege fagforeininga som vart kalla den Heilage Alliansen. Da han gav tilsegna si om å gå med i den, i mai 1816, forsömte han ikkje å minne om dei tenestene han hadde gjort tsar Alexander og dei andre allierte i krigen mot Napoleon<sup>1</sup>. Og Jonathan Russell gjorde straks<sup>2</sup> merknad om at det var eit teikn på »uneasiness» hos kronprinsen at han jamt kom tilbake til dette emnet, og at han stendig skulle minne tsaren på avtalane frå 1812 med den godkjenninga for tronfylgja i Sverige som der var gjeven<sup>3</sup>. Russell nemner ikkje noko om at han hade tala serskilt med Carl Johan i dette høvet; men han tykte at tonen i aktstykket var »very characteristic of the state of feeling here».

Carl Johan sjölv forkynte våren 1817 at han sat så trygt på tronen som om erveretten hans skulle vori grunnlagt for fem hundre år sia, og at den var meir heilag enn om den hadde komi frå Odin<sup>4</sup>. Men sjölve denne fråsegna hans var eit vitnemål om at han hadde kjent retten sin i fare, og det var nett samstundes at han sette i gong store aksjonar mot folk som han hadde mistenkt for komplott imot han. Det var på meldingar om slikt eit komplott at han fekk sett dobbelte vakter på slottet og lét ein bataljon av garden marsjere opp på slottsplassen.<sup>5</sup> Dette må det vera som Christopher Hughes siktar til i ein rapport han sendte heim den 1. september 1817, og som fortel noko meir om kjenslene til kronprinsen, eller i det minste om kva folk sa om dem. Det heiter der:

»I cannot omit mentioning the increasing uneasiness of the *P. R.* (∴ Prince Royal) as to the firmness and permanency of his seat! Some very extraordinary circumstances on this subject have lately come to my knowledge, which are not at all calculated to raise the character of that personage. He has disclosed a feverish timidity, and an alarm, which I believe totally groundless, on several late occasions; and if his own words are to be credited, he sincerely laments his acceptance of his place, and the consequent course into which he has been lead. These feelings of the *P. R.* are not the less aggravated by the humble opinion which he entertains of the abilities and promise of his son.»

<sup>1</sup> Sverges och Norges traktater, I, p. 95 f.; sfr. Schinkels Minnen, X, p. 35 og 289—90.

<sup>2</sup> Rapport 31. mai 1816.

<sup>3</sup> Carl Johan gjorde det same på nytt i 1819, sjå Schinkels Minnen, X, p. 64—65.

<sup>4</sup> Höjer, II, p. 431.

<sup>5</sup> Sst. p. 429; sfr. Geffroy, p. 176—79.

Det kan sjå rart ut at Hughes skulle skrive om dette så seint. Men han hadde ikkje nådd fram til Stockholm före omlag 1. mai 1817 (eit halvt år etter at han hadde reist ifrå Amerika), og den hendinga han skriv om, hadde gått for seg noko tidlegere på året, så han hadde ikkje sjölv opplevd ho.

Så døydde Carl XIII den 5. februar 1818, og Carl Johan vart konge. Da hadde Jonathan Russell komi tilbake til posten sin berre for vèl ein månad sia, og etter dei diplomatiske reglane skulle han no vente på nye kreditiv för han kunne stige fram att som minister hos den svenske kongen. Sia han visste at det kunne ta eit halvt år eller enda meir för slike kreditiv kunne nå fram, bad han om at han likevel i mellomtida måtte få bli rekna for fullgild amerikansk sendemann, og for den skuld vart han motteken av kongen på slottet om kvelden den 10. februar.

I denne audiensen (som Russell skreiv melding om straks neste dagen) tala Carl Johan fyrst lenge om den avlidne kongen som — sa han — var »det menneske på jorda som var mest glad i han»; — det hörtes som han ikkje rekna på stor kjærleik hos andre. Deretter tala han om den gamle samhugen sin for Amerika (han hadde för sagt til Russell, og han tok det oppatt sia, at han alltid vart verande republikan), og så *bad* han Russell varmt at han berre måtte halde fram som minister i den tida han måtte vente på nye kreditiv.

Some andre sendemenner (den russiske, pröysiske og britiske) hadde like eins bedi om å få bli mottekne som ministrar utan avbrot. Men dei fleste hadde ikkje gjort det, og Russell tykte han hadde hört på Carl Johan at han slett ikkje var trygg på godkjenning frå alle dei framande regjeringane. Russell sjölv tvila ikkje, og godkjenninga kom no frå alle kantar. Det var ein veldig lette for den nye kongen.

Lenger ut i same året, den 20. oktober 1818, straks för han for godt reiste ifrå Stockholm, kunne Russell skrive heim at Carl Johan »hadde börja regjeringa si under meir heppelege varsel enn ein kunne ha venta, og at han, etter alle teikn, var fast sessa på tronen sin». Men i samtale med Russell den 15. oktober hadde likevel kongen tala om at adelen i Sverige var *imot* han. Og han kom til å möte mykje opposisjon på den riksdagen som kom i hop i november 1818. Same året hade han fått eit sterkt misnöye over seg frå alle stormaktene for di han ikkje gjorde opp den parten av den danske statsgjelda som han etter Kiel-traktaten skulle betala, og den britiske sendemannen i Stockholm, Lord Strangford, som elles godt var kar for å koma med trugsmål på eiga hand, sa ein dag i desember til Christopher Hughes at ville ikkje Carl Johan

rette seg etter kravet frå stormaktene, så ville dei alle draga sendemennene sine bort ifrå Stockholm (rapport 11. desbr. 1818).

Så alvorleg som dette kunne höras, så vart det likevel ikkje noko med det. Men Carl Johan fekk no tydeleg merke at det kongehuset han var far for, ikkje vart rekna for jamgodt med dei gamle legitime kongehusa i Europa. Det måtte vera sårt for han at nett no som han hadde vorti rett konge, så fekk han ifrå det eine hoffet etter det andre avslag på friing for eit kongeleg gifte for son hans, kronprins Oscar. I mai 1819 meldte Hughes på nytt om trugsmål frå stormaktene med å bryte det diplomatiske samkvemet med Sverige, og det kom harde åtak på Carl Johan i utanlands blad, serleg dei engelske. Det danske gjeldsspørsmålet kom endeleg i orden med Stockholms-traktaten frå 1. september 1819. Men med friinga for prins Oscar gikk det framleis trått; det drygde heilt til august 1822 før han fann ei brur, og da måtte han ta ei som berre halvt hørte til den gamle legitimiteten, ei dotter till Eugène Beauharnais og ei bayersk prinsesse.

Verst var det likevel med det mordkomplottet mot Carl Johan som vart åpendaga våren 1820. Om dette fins det ein utførleg rapport frå Christopher Hughes, dagsett 4. mai 1820. Han seier at komplottet var åpendaga da for berre vèl åtte dagar sia, og at det da enda var ytarleg få som hadde greie på det, men at han hadde kunnskapen sin frå heilt pålitande kjelde. No svarar forteljinga hans ikkje heilt med dei dokumenta som sia er framkomne <sup>1</sup>. Men skildringa hos Hughes er verdfull for det som står der om verknaden på Carl Johan, og some fakta som han nemner, men som ikkje elles er omtala, synes vera rette.

Det som Hughes fortel, det er at det i februar det året hadde komi til Stockholm ein gamal svensk artilleri-offisér som hadde vori utanlands i tjuge år og tent hos ymse framande regjeringar. No hadde han vorti teken i teneste for ei stor samansverjing i Tyskland som gikk ut ifrå hoffet til Friedrike av Baden, dronninga til den avsette kongen Gustaf IV Adolf, mor til kongsemnet den unge prins Gustaf. Denne mannen vart fengsla av politiet i Stockholm omlag den 25. april, og da tilstod han at han var leigd til å myrde Carl Johan, få i stand ein revolusjon og få Vasa-huset innsett på tronen att med prins Gustaf. Han hadde jamvel funni høve til å koma inn på slottet og gjera seg kjent med dei roma som kongen brukte halde seg i. Sia tok han heile tilståinga tilbake for di han fekk veta at når det ikkje fans andre prova imot han, så kunne han ikkje bli straffa (dette var røynt i saka om mordet på Gustaf III i 1792). Men dermed var ikkje mistanken døyvd om at

<sup>1</sup> Bilaga no. 2, Bryggerska målet, i Schinkels Minnen, XI, p. 293—300.

slikt eit komplott i sanning hadde vori sett opp. Og i det minste hos Carl Johan beit mistanken seg fast. Om dette skriv Hughes:

»It has had a very deep effect upon *the King*: his mind is very much disturbed, for he is inclined to apprehend *dangers*, and has not *an atom* of confidence in any person about him or in the country. The fact is, they are *so miserably poor*, and so fond of parades, honours, and luxury, that when their *appetency* (if it bears a *moral* application) of revolutions be taken into *one* scale, there is nothing to keep down the *other*. However, H. M. has determined to put a good face on the business, and though for 6 or 7 weeks he has not seen any persons or entertained any company, yet, on this late occurrence, he took the pretext of a great many of the nobility leaving the capital to go to their chateaus, to give two very magnificent dinners, and evinced an unusual degree of gaiety and spirits. But he is profoundly alarmed, and feels no peace or security on the throne or in his own personal safety! and he has *reason* to entertain these apprehensions, for sooner or later, as I have *always* said, He and his dynasty will finish badly. There is a strong feeling in this country in favour of the *Vasas* and against the King; there is an active party out of it, brooding mischief and engendering plots for his downfall, and among his Royal Brethren there is not *one* who would not delight in it; excepting, perhaps, the Emperor of Russia from *magnanimity*, or George IV from *imbecillity* and vanity. *He of Prussia* scarcely disguises his hostile feelings, and the *female* side of the Imperial family of Russia are in full accord with *him* and in thorough sympathy with their *repudiated* relations, the *Vasas*. There has even been whispered in tones, »not loud, but deep», that whatever engagements the allies may have entered into with *Bernadotte*, not to disturb *him* on the throne, it is a question *how far* these engagements apply to or are binding in the case of *his son*: and this I have reason to believe has been uttered by some of the allies *themselves*.

There are a great many people *here* who believe that the best chance of Charles John to confirm his Dynasty *would be* to follow his *first* plan of abdicating in favour of his son and remaining *behind him* to council and establish him on the throne. This *might* succeed, and a marriage *might* be procured! But in case of any accident, the *natural* or *violent* death of the King, or his retiring out of the country, the *next day* a revolution would bring back Gustaf Adolph the Younger. Who is, by the way, a distinguished and promising young man.»

Det er tydeleg at Hughes enda på den tida ikkje hadde komi i noko slag venskap med Carl Johan, og han lydde på det som fiendane til kongen sa. Men det er likså klart at kongen hadde fiendar både utanlands og innanlands. Han visste det sjølv, og det heldt uroa i han i live. Sjølve keisarinna i Russland var morsyster

til prins Gustaf, og tsar Alexander hadde teki på seg formynder-skapen for barna etter Gustaf IV Adolf (ex-kongen hadde skilt seg frå dronninga i 1812). Den pröysiske kongen Friedrich Wilhelm III hadde i 1818 ikkje vilja trulova dotter si med prins Oscar; han hadde jamvel »takka Gud at Pröysen ikkje hadde sigi så djupt så det trang til å koma seg opp med hjelp av eit familie-samband med det nye svenske kongehuset»<sup>1</sup>. Slikt måtte gå inn på Carl Johan.

I den striden han no fekk med det norske Stortinget i 1821, kalla han på samhug og stönad frå heile Europa. Men han fann ikkje den godhugen han hadde venta i striden sin for kongelege rettar og for internasjonal avtale. Dette skal eg ikkje gå nærare inn på no; eg skal berre nemne at Christopher Hughes i juli det året fekk eit brev frå den förre franske sendemannen i Stockholm, no i Dresden, greiv *Rumigny*, som skreiv at det ville vera eit mistak av Carl Johan om han trudde vonene ute i Europe var i hans favör. »Med unnatak av nokre få», skreiv Rumigny, »som kjenner han og likar han, er det slett ingen godvilje mot han»<sup>2</sup>.

Rumigny hadde vori gode venner med Carl Johan i dei sju åra han hadde vori i Stockholm. Men i mai 1822 skreiv han på nytt til Hughes om den motviljen mot Carl Johan og Sverige som rådde hos dei européiske fyrstehoffa<sup>3</sup>. Det var den gongen kronprins Oscar var på ny friarferd kringom i Europa, og Rumigny skildra koss alle dei fyrstelege mödrane sendte bort dötrane sine så dei ikkje skulle koma i lag med den svenske prinsen! Rumigny sjölv ville gjera alt han kunne til å gjera godt for prinsen. Men han trudde det var minna frå revolusjonstida som enda sat i folk, eller i det minste i fyrstar, så dei såg med blidare augo på sonen til den avsette kongen Gustaf Adolf enn på sonen til revolusjonskongen Carl Johan.

Nye mordplaner mot kongen dukka opp i 1823. Da kom det ei heil rekke med anonyme brev til han, som truga med at han skulle bli myrda om han ikkje gav opp giftarmålet mellom prins Oscar og den bayerske prinsessa. Desse breva er citert i melding frå Hughes den 15. mars 1823. Dei var fulle av fantord mot kongen personleg; dei kalla han bl. a. »den franske smuglaren i landet». Dei minte han på at enda levde sonen til Gustaf IV Adolf, og at han var systerson til sjölv den russiske tsaritsa. Skulle den utvalde brura til prins Oscar våge seg til å koma til Sverige, heitte det i eitt av breva, skulle ho bli myrda beint framfor augo til

<sup>1</sup> Schinkels Minnen, IX, p. 350.

<sup>2</sup> Dette brevet, dagsett 8. juli 1821, er vedlagt i avskrift til ei melding frå Hughes, dagsett 25. juli.

<sup>3</sup> Avskrift i melding frå Hughes, 8. juni 1822.



kongen. Og han sjölv skulle òg bli drepen. Same dagen som Carl Johan fekk dette siste breve, kom det avskrifter av det til dei fremste landshövdingane i Sverige med ordre underskriven av sjölv den trugne adjutanten til kongen, general Holst, om å kunn-gjera brevet i blada. Sjölv sagt var dette eit falsum, og ingen gjorde etter ordren.

Carl Johan tok alt dette så alvorleg så han lét setta ut ein pris på 10000 riksdaler banko til den som kunne gje opplysning om forfattern til breva. Og Riksdagen sendte deputasjon til han og ynskte han til lukke med at han hadde sloppi frelst ifrå faren<sup>1</sup>.

Meldinga om alt dette var den siste rapporten Hughes sendte frå Stockholm för han tok ut på orlovsferd heim til Amerika. Da han så kom tilbake neste året, tyktes han framleis finne same otten hos Carl Johan for stillinga si. Vi ser i ei melding frå han frå 21. juni 1825 at han meinte det ville ha god verknad å truge kongen med å sleppe den amerikanske og britiske pressa laus imot han for di Sverige stendig nekta å betala ei skadebot Sambandsstatane kravde for amerikansk gods som var konfiskert i svensk Pommern i krigstida 1810. Det ville, skreiv Hughes, gleda hjartene åt alle som lengta etter skandalar »against the only *Revolutionary* king remaining», og kongen var alltid redd for slike åtak i pressa.

Straks etter dette var skrivi, kom den store skandalen med skipshandels-tvisten, — da den svenske regjeringa selde eit par gamle orlogsskip til dei söramerikanske opprørsstatane. Da vart det eit veldig oppskrik i den Heilage Alliansen, og i den sista meldinga Hughes sendte heim ifrå denne sendemanns-tida si i Stockholm, den 13. august 1825, skreiv han at no tok han til å bli redd at Bernadotte-huset ikkje kunne halde seg lenger i Sverige; for no ville fiendane utanlands og innanlands slå seg i hop, og når så kongen bar seg så uklokt som han gjorde, da kunne det bli farleg. Det var ei alvorleg krise, dette, i tilhövet mellom Carl Johan og dei allierte, og han berga seg berre ut or ho med å gjera om-att heile skips-handelen.

I utanrikspolitikken kom det no nokre rolege år. Heime i hans eigne land gikk ikkje alt etter Carl Johan sine ynske. Det var eit vonbrot for han at han ikkje kunne få det norske Stortinget i 1827 til å gå med på dei grunnlovsbrigda han ville ha hatt<sup>2</sup>. Og i den svenske Riksdagen 1828—30 reiste det seg ein opposisjon på breitt politisk grunnlag. I denne tida (1826—30) var *John Appleton* ame-

<sup>1</sup> Alt her om denne saka er teki frå meldinga frå Hughes. Utförlegare utgreiing i Schinkels Minnen, XI, p. 53—57.

<sup>2</sup> Dette er omtala i rapport frå John Appleton, 25. mars 1827.

rikansk chargé d'affaires i Stockholm, og meldingane hans derifrå har ingen ting å fortelja om noko slag personleg fiendskap mot Carl Johan.

Men på vakt var han stendig, fyrst og fremst imot kva dei legitime fyrstane kunne finne på mot han. Det hendte i 1828 at den unge prinsen av Vasa heldt på og skulle trulova seg med einaste dottera til kong Willem I av Nederland, — fem år før hadde det vori spørsmål om å få ho gift med kronprins Oscar. Da kom det opp at i den ekteskaps-avtalen som alt var oppsett, hadde prinsen av Vasa fått tittelen »prins av Sverige», såleis som han sjølv hadde kalla seg frå han var konfirmert (1815). Da protesterte Carl Johan kraftig imot slik ei krenking, og han appellerte jamvel til tsar Nikolai av Russland og mange andre fyrstar om å stø han i kravet om at inga regjeringa måtte godkjenne denne tittelen for den landlyste svenske prinsen. Han fekk da òg kravet sitt sett igjennom, og dermed rauk heile giftarmåls-planen. Det var ein siger som Carl Johan var glad for<sup>1</sup>. To år i førevegen hadde kronprins Oscar fått den fyrste sonen sin, så tronfylgja i Bernadotte-huset kunne bli rekna for trygga for dei neste ættledene, og kongen kunne gå ut ifrå at ingen ting meir skulle skiple roa for han.

Men så kom juli-revolusjonen i 1830, med nytt fall for kongehuset i Frankrike, og da kunne nok tanken koma opp om fare for andre kongehus òg. Da Appleton hadde avskils-audiens hos Carl Johan den 20. august 1830, fekk han höre mykje om det inntrykket den nye revolusjonen hadde gjort på kongen. Og det fortalde han om i ei melding frå 28. august som syner oss verknaden på sjølve den politiske tankemåten til Carl Johan. Det heiter der om kongen:

»I found him much, and, I may even say, painfully preoccupied with the recent events in France. It was evident that he had made up his mind to take the same view of these events as other crowned heads, and to let the interests of his dynasty overrule any feeling of sympathy which he might otherwise experience for a cause of which he had himself, in other times, been one of the doughtiest champions. Persuaded, however, like every reflecting mind here, that Sweden has nothing more to gain by war, his fixed polity is to steer clear of all entangling alliances. If circumstances should be such as to leave him no choice but that of his Ally, there is scarcely a doubt but that he will be found on the side of Russia. This course would, it is true, indispose a large portion of his subjects who still entertain very strong feelings towards this Power, but any danger arising from this quarter would, it is supposed, be more than

<sup>1</sup> Heile denne historia, eller »anekdoten», er attfortald i rapport frå den amerikanske chargé d'affaires i Stockholm 15. desbr. 1852. Så lenge var minnet om hendinga levande. Sjå elles Schinkels *Minnen* XII, 1, p. 94—102.

compensated by the friendship and support of his mighty neighbour. A morbid anxiety about the fates of his own dynasty is an infirmity from which the King, with all his natural superiority of mind, has not been able to escape. Infused in the internal administration of his Kingdom, it has made it more disposed to compound with old prejudices and abuses, than to seek out and apply a remedy. Russia is but too well aware of the feelings that now predominate on the Swedish throne, and knows well how to keep them alive by a system of alternate reserve and confidence. This game upon the hopes and fears of the King is play'd with the more facility that Gt Britain, who, alone, could with any prospect of success attempt to derange it, has for several years shewn herself very unmindful of its progress, contenting herself, to all appearance, with the degree of influence to which she is entitled by her past exhibitions of power.»

Det som er det forvitnelege i denne meldinga, og som gjev ho eit serskilt rom mellom aktstykkka frå denne tida, det ligg i setninga om at den »veikskapen» som plaga Carl Johan, gjorde han »meir viljug til å gå på forlik med gamle fordomar og misbruk enn til å leite etter ombøter og ta dem i bruk», — og at dette vart nytta ut av Russland. Her har vi da samanhengen mellom den otten han hadde for tronen sin, og den konservative politikken han førte. Og det kan visst ingen tvil vera om at det *var* slik ein samanheng, — at kjensla av å ikkje sitta trygt på kongsstolen heilt naturleg dreiv Carl Johan til å søke samband med og vern hos alla konservative makter både i og utanfor landet, aller mest med den russiske tsaren som både hadde gjevi han den beste hjelpa til å halde seg på tronen og kunne ha den største makta til å velte han. Sjølve sambandet med Russland måtte styrke alle drag til konservativ politikk, — det er heilt åpenbert. Og alt det Carl Johan tala om republikanisme og liberalisme, kunne ikkje bli stort anna enn talemåtar. Christopher Hughes, som no på nytt vart chargé d'affaires i Stockholm og som var i lag med Appleton i audiensen hos kongen den 20. august 1830, skreiv difor i ei melding heim den 20. oktober:

»I find this Court to have become thoroughly Russian; I left it English, but the influence of the Czar is allpowerful; and the cajolery, practised on the late visit of the Crown Prince to Petersburg, has made the Swedes Cossacks and Charles John a Hospodar. He does not *breathe* without first thinking of how it will be judged of at Petersburg, and the cool and ungracious and *unwise* reception he gave to Louis Philippe's Envoy the Prince of Moscou, all belong to the same Vassal Feeling.»

Dette same tok Hughes oppatt i meldingar den 8. desember 1831 og den 4. februar 1832. Der streka han under at det var hoff- og regjeringspolitikken som var russisk, men at det i dette stykket

var ei åpen motsetning mellom kongehuset og folket, — folket var for fridom og folkestyre. Difor var det berre det offisielle Sverige som hadde samhug med kongen av Holland og tykte leitt i at han miste Belgia. Den 20. august 1832, mead Carl Johan var i Noreg, skreiv Hughes ei melding<sup>1</sup> som sa:

»Politisk sétt er det fullkomen ro og velnøye i desse rika. Om det så kan bli sagt at mead eit avgjort drag til å stö og styrke kongsmakta, eller det som ein rettare bör kalle *legitimiteten*, er synbert i all framferd og forkynning frå hoffet, så er det ein likså avgjort samhug, i alle hendingar og alle tiltak, for fridom og frie institusjonar som syner seg og blir åpent framboren hos det svenske og det norske folket.»

Ordet »legitimiteten» her vitnar om at Hughes òg såg samanhengen mellom den konservative politikken og tanken på å trygge kongehuset. Og det er merkeleg å sjå at Carl Johan no tok til å rekne seg sjölv mellom dei legitime kongane som alle burde stå i hop imot revolusjonen.

Den 4. april 1833 sendte Hughes ei melding som fortalde om kor folkekjær Carl Johan no var. Men dessutan fortalde han om at to personar, ein baron Vege sack og ein baron Dubin (= Düben), hadde vori for retten og vorti dömt for samansverjing mot kongen og huset hans og for ein plan om å setta inn att kongane av Vasa-ætta med den unge prins Gustaf. »Den ålmenne meininga», skreiv Hughes, »er at kongen av Sverige (såleis som han stendig har synt tilhug til) gav for mykje vyrde og vekt til denne saka.» Hughes meinte at det var ingen grunn til å gjera noko nummer av ei »samansverjing» som berre desse to karane stod bak, og at ho reint i utrengsmål vart kjent for ålmenta »av di at kongen av Sverige er så ytarleg hårsår for kvar gong trygggleiken eller legitimiteten hans berre kjem på tale».

Meldingane frå Hughes i desse åra (4. og 19. april 1833, 28. novbr. 1834) fortel om kor mykje tankane hos kongen og i hoffet krinsa om tilstandet i Frankrike. »Fins det ein monark i Europa», heiter det, »som er fiendsleg imot den noverande skipnaden i Frankrike og imot det regjerande kongehuset, så er det kongen av Sverige.» »Alle augo er vendt imot Frankrike», heiter det ein annan gong, »og ein ventar dagslött utålmodig på posten derifrå; mange trur dei kan vente ein indre spreng der i landet, og slik ei hending ville bli helsa med glede, liksom ho er brennande ynskt av alle venner av rojalistiske prinsipp i heile Europa.» Og stendig held Hughes fram at Carl Johan i så måte heldt seg truge

<sup>1</sup> Denna meldinga er prenta på engelsk i dette tidsskriftet, XVIII p. 257.

til tsaren og til russisk politikk. Han vona lenge på at juli-revolusjonen skulle bli omgjort. Det var likevel ikkje nokon ny Napoleon han ynskte; det var legitimiteten som han ville ha attreist, og da Louis-Napoléon freista sitt kupp i 1836, vekte det inga glede i kongehuset i Stockholm, — tvert imot (melding frå Hughes 30. novbr. 1836).

Politisk kritikk måtte vende seg imot kongen; for alle visste kor stor ei avgjerds-makt han hadde i politiske spørsmål. Likevel var den varme truskapen og kjærleiken hos folket utvilsam. Men kongen sjölv hadde vanskeleg for å skilja mellom politikk og person; han var nærtakande for all kritikk. Da Crusenstolpe vart dømt til fengselsstraff i 1838 for skrivinga si mot kongen, og det da vart gate-oppstyr i Stockholm, da vart kongen skremt og sette sterke hærvakter kringom slottet. Etterpå vart det forklara at dette hadde han gjort for di han ottas at det skulle hende noka ulukke med den russiske tronervingen storhertug Alexander som nett da budde på slottet (visseleg var det ein gjest som folket ikkje var glad for). Men folk mislika dette tiltaket. »Det har vori ei ål-menn klage», skriv Hughes (3. juli 1838), »over at kongen skulle syne slik ein otte eller slik mistillit til lojaliteten hos folket, og han har visseleg tapt på det i folkemeininga.»

Faktisk hadde dette oppstyret gjort Carl Johan dugeleg nervøs. Han kjente det som det var mot han sjölv at folket hadde reist seg, og den støyten dette hadde gjevi han, heldt uroa levande i han heile året till endes <sup>1</sup>.

I slutten på året kom det så ei melding i eit fransk blad om at han var död, og det tok han straks som ein led i svikrådene mot han. Ein av statssekretærane hans som han stendig hadde ikring seg, vitnar <sup>2</sup> om at Carl Johan framleis hadde »den idéen, att de legitima monarkerna i Europa ogärna sågo honom ensamt af alla Napoleons uppkomlingar innehafva en tron till préjudice för legitima arfvingar, och att de således skulle intrigera för att få hans dynasti störtad och Gustaf Adolfs son uppsatt på sina fäders tron». Carl Johan kom reint i opprör over den falske bladmeldinga, han auste seg ut over ho i både skrift og tale, og han sa: »Eg skal nok syne dem at eg lever enda, og at det ikkje går så lett å jaga oss bort, — meg, som min, og dei fem små!»

I mellomtida hadde det teki til å melde seg ei rörsle som ut ifrå andre synspunkt kunne reise spørsmålet om kongehuset. Det var den politiske skandinavismen. Den har no ikkje sett merke etter seg i dei amerikanske rapportane frå Stockholm så lenge Carl

<sup>1</sup> Ulfsparre, Från Karl XIV Johans dagar, p. 211 ff.

<sup>2</sup> Sst. p. 234—35.

Johan var konge. Eg skal difor her berre til slutt minne om kor var han var for dei farane som kunne ligge i agitasjonen for skandinavisk einskap. Det var berre så vidt denne tanken hadde stukki seg fram da Carl Johan, i april 1837, lét utanriksministeren greiv Wetterstedt sende ut eit rundskriv til alle sendemennene i utlandet<sup>1</sup> om å seia frå at kongen avviste og avdømte alt slikt strev for ei omvelting i den skipnaden som no rådde i norderlanda.

Carl Johan hugste nok at den gongen han sjölv vart vald til svensk tronfylgjar, da hadde den dansk-norske kongen Frederik VI, han som framleis var konge i Danmark, vori ein av medbelarane til valet. Men det var visseleg ikkje berre otten for at huset Bernadotte skulle bli skuva til sides, som no fekk Carl Johan til å ta til ords imot den nye skandinavismen. Han hadde nok dessutan i tankane at tsaren av Russland såg med mistru på all tale om skandinavisk samling. I den samanhengen kan det vera verd å ta fram det som den amerikanske sendemannen Hughes skreiv i ei melding heim berre vèl fjorten dagar etter det nemnte rundskrivet hadde gått ut. Der fortalde han<sup>2</sup> at kronprins Oscar nett skulle ut til bad i Tyskland og hadde hatt hug til å fara til England og Frankrike med det same, men at kongen »og kanskje keisaren av Russland» (desse orda er understreka i meldinga) ikkje ville la han få lov. Det var da eit nytt vitnemål om kor sterkt Carl Johan framleis var bunden til den russiske politikken.

Da dei skandinaviske einskaps-tankane kom enda sterkare fram i 1842, med det dansk-norske studentmøtet i København i mai og med bladskrivning etterpå, da tok Carl Johan oppatt avdøminga si frå 1837 og fekk ho kunngjort i blada. Da var det den gamle motmannen hans frå Noreg i 1814, Christian Frederik, som var konge i Danmark, og Carl Johan hugste nok dei skandinaviske planane som Christian Frederik den gongen hadde arbeidd med.

I røynda var det på den tida i Sverige ingen som tenkte på å få huset Bernadotte ombytt med noko anna kongehus, anten det så skulle vera huset Vasa eller det danske kongehuset. Skandinavane tenkte seg heller at Bernadottane skulle erve den danske tronen. Da det i februar 1843 vart festa for 25-års jubiléet åt Carl Johan, slo den nye amerikanske chargé d'affaires George W. Lay (som hadde komi til Stockholm i oktober 1842) fast at heile det svenske folket var inderleg bundi til kongen sin. »Eg nemner dette», skriv han<sup>3</sup>, »for di mange folk som ikkje er busett her, trur at det enda fins ei djup kjensle for Vasa-ætta hos mange av adelen

<sup>1</sup> Posthumus, *Ur minnet och dagboken om mina samtida*, I, p. 166—68.

<sup>2</sup> Rapport, 2. mai 1837.

<sup>3</sup> Rapport, 8. febr. 1843.

og borgarane. Ein son til Gustaf IV lever framleis og er ein dugande offiser i teneste hos keisaren av Austrike; men namnet hans blir snautt så mykje som nemnt og aldri dessmeir av opposisjonspartiet med noko ynske om å få Vasa-huset tilbake.»

Lay tok oppatt dette same da Carl Johan vart alvorleg sjuk straks före 81-årsdagen sin i januar 1844. Utanlands blad, i Tyskland, Frankrike og andre stader, tok til å skrive om at no kunne det bli spørsmål om tronfylgja i Sverige. Eit blad i Antwerpen laga ei historie om intrige-spel mellom Russland og Austrike, — dette siste landet ville ha prins Gustaf av Vasa fram, men Russland ville halde Sverige fast under seg. Slikt er berre tull, skreiv Lay<sup>1</sup>. »Folket her», skreiv han, »har ikkje meir samhug for Vasa-huset enn det har for fyrstehuset i Danmark eller Russland; mot dette siste har det beintfram illvilje.» Og han kunne fortelja<sup>2</sup> at kronprins Oscar var populær i alle folkeklasser, og at han ikkje hørte om den minste rørsle imot at han skulle stige opp på tronen.

Så mykje merkelegare er det at det enda under kong Oscar I gong på gong kunne bli reist spørsmål om stillinga for huset Bernadotte både i Sverige og mellom dei andre kongehusa. Da riksdagsreformen vart brennande på den Riksdagen som møttes i november 1847, da skreiv den amerikanske chargé d'affaires *Henry W. Ellsworth* (som da hadde vori i Stockholm i to år) om den motsetninga det framleis var mellom kongehuset og den gamle adelen<sup>3</sup>. Enda, sa han, var det mange adels-ætter som ikkje ville ha noko med kongehuset å gjera. »Når det gjeld Bernadotte», skreiv Ellsworth, »og stillinga hans på den svenske tronen, så kan det med sanning bli sagt at både mannen og dei vilkåra som lyfte han opp, no er borte. Sverige har ikkje lenger bruk for dugande generalar, og det er slutt på den tida da ho med våpenmakt kan vinne slike resultat som i gamle dagar, anten dei skulle tene til godt eller vondt.» Ellsworth, som i det heile var svært kritisk mot Sverige, skildra nedgangen for landet i både ytre og indre vilkår med svarte fargar. Han peikte på den aukande faren frå Rusland, og han meinte det var ingen annan utveg enn at alle dei tre nordiske rika gikk i hop.

Framleis var det levande i tankane at Bernadottane hadde opphavet sitt i ein revolusjon. Da den franske kongen Louis-Philippe, som hadde mist tronen sin i februar-revolusjonen 1848, døydd i eksil i 1850, fylgde ikkje det svenske hoffet føredømet åt andre européiske hoff med å legge offisiell sorg. Den offisielle

<sup>1</sup> Rapport, 6. febr. 1844.

<sup>2</sup> Rapport, 31. jan. 1844.

<sup>3</sup> Rapport, 25. novbr. 1847.

grunnen som vart gjeven var at det ikkje var gjevi offisiell melding til Sverige om dødsfallet. Av same grunnen hadde det svenske hoffet ikkje teki sorg for den siste Bourbon-kongen, Charles X, da han døydde, like eins i eksil, i 1836. Den gongen hadde Bourbon'ane ikkje vilja sende melding til oppkomingen Bernadotte for di dei rekna den avsette Vasa-kongen og son hans for dei legitime representantane for det svenske kongehuset. No i 1850 gikk ættfolket til Louis-Philippe framom det svenske kongehuset for di dei tenkte på skyldskapen mellom det og presidenten for den franske republikken, Louis-Napoléon. Den som no (frå 1849) var amerikansk chargé d'affaires i Stockholm, *Francis Schroeder*, peikte<sup>1</sup> på at den svenske dronninga var rett syskenbarn til denne nye Napoleon, med di at dei baa to var barnebarn til Josephine Beauharnais, omfram at enkedronninga var versyster til Joseph Bonaparte, farbror til Louis-Napoléon. Når no det svenske hoffet ikkje syrgde for Louis-Philippe, så minte det om, skreiv Schroeder, at »enda er det noko som ikkje er fullt godkjent i kongsrangen for Bernadotte-ætta, enda det er ingen tvil om at med dei store tenestene og fortenestene deira er kongehuset djupt og varig rotfest i kjærleiken åt folket».

Tre månader i förevegen hadde Schroeder skrivi<sup>2</sup> om at det bryllaupet kronprins Carl nett da hadde haldi med den hollandske prinsessa Louise var eit »lukkevarsel for huset Bernadotte». Den nye kronprinsessa, av ætta Oranien, var syskenbarn til kong Willem III av Nederland, systerdotter både til den pröysiske kongen Friedrich Wilhelm IV og til den russiske tsaritsa, og hadde elles skyldfolk rundt omkring på tronane i Europa. Dette giftarmålet, skreiv Schroeder, var det fyrste sambandet som vart knytt mellom huset Bernadotte og dei gamle européiske kongs-ættene, og kunne difor bli »rekna for den næst-viktigaste hendinga i huset si historie».

Da så det unge kronprinsparet fekk eit barn, ei dotter, det næste året, skreiv Schroeder<sup>3</sup> at dette var ei viktig hending for kongehuset og kanskje for framtid-freden for Sverige og Noreg: »Det er frukta av den fyrste ekteskapen mellom ætta Bernadotte og nokon av den gamle grunnfeste kongsrangen som blir kalla legitim, og den nyfødde prinsessa, barnebarns barn til Bernadotte, er etter blodet i skyld med kongehusa i Holland, Pröysen og Russland. — eit omstende som er meint skal døyve enda meir vonene for den landlyste prinsen av Vasa.»

Såleis dukka enda tanken om den stakars Gustaf Vasa opp.

<sup>1</sup> Rapport, 20. septbr. 1850.

<sup>2</sup> Rapport, 20. juni 1850.

<sup>3</sup> Rapport, 1. novbr. 1851.



Det einaste som likevel var eit skar i den vona som den siste barnefødsla gav, det var at barnet ikkje var ein gut. For skulle det ikkje koma nokon gut, så ville næraste tronervingen vera bror til kronprins Carl, prins Oscar. Og han hadde ikkje noko av alt det gamle kongsblodet i seg; han var ætta frå Bernadotte og Beauharnais, — det var lite å rekne på at mormor hans, ei dotter til den fyrste kongen av Baiern, hadde vorti tvinga av Napoleon til å gifte seg med Eugène Beauharnais.

Da kong Oscar var så alvorleg sjuk i november 1852 så ein måtte ottas at han skulle døy, da var Schroeder ikkje lite redd for koss det skulle gå etter han; men det var helst av di at han hadde så ringe tankar om tronervingen kronprins Carl, ikkje for di at det ville vera nokon tvil om at tronskiftet ville gå for seg regelrett og fredleg<sup>1</sup>. Ei anna sak var at det nett da gikk ord om at Louis-Napoléon, som om få dagar skulle bli fransk keisar, ville gifte seg med ei dotter til prins Gustaf Vasa. Om det hendte, så ville nok utlandet koma til å reise spørsmål om det svenske kongedömet. Men Schroeder var viss på at ingen i Sverige ville veta av nokon ny Vasa. Det einaste ville vera, skreiv han i ei ny melding den 15. desbr., at mange i den svenske adelen som hadde Vasa-ætta i vyrsamt minne, ville mislike at ei dotter av denne ætta skulle gifte seg med ein oppkoming som Louis-Napoléon.

I denne siste meldinga hadde han no den store gleda å fortelja at kong Oscar hadde friskna til att, og at dessutan kronprinsessa no hadde fått ein son, — det ville, skreiv han, gje ny stöleik til huset Bernadotte. Men da han femten månader etterpå, i mars 1854, var nöydd til å melde at den unge prinsen var död, nemnte han ingen ting meir om nokon otte for den skuld, anna enn at det ville kjennas tungt for kong Oscar som hadde gjort den vesle guten til ein avgud<sup>2</sup>.

Såleis døydde da endeleg alle tankane bort om noko slag fare som kunne truge huset Bernadotte. Schroeder kunne skrive om at kongane av dette huset heldt strengare enn noko anna kongehus på gamle aristokratiske former<sup>3</sup> — slikt kunne synas meir turvande for dem enn for kongar som sjölve hadde all den gamle tradisjonen i seg. Da den amerikanske regjeringa tok opp krav om at sendemennene hennar i utlandet skulle slutte med å bera hoff- eller diplomat-uniform, da svara Schroeder at det ville jamvel ein så frilynt mann som kong Oscar rekne for republikansk propaganda.

<sup>1</sup> Rapport, 24. novbr. 1852.

<sup>2</sup> Rapport, 14. mars 1854.

<sup>3</sup> Rapport, 24. novbr. 1853.

Men etter han hadde vori vitne til dei store festane til førtiårs-dagen for unionen mellom Noreg og Sverige, den 4. novbr. 1854, da slo han endeleg fast<sup>1</sup> at det nye norsk-svenske kongehuset sat urikkeleg fast på den tronen det hadde vunni.

*Halvdan Koht.*

---

<sup>1</sup> Rapport, 9. novbr. 1854.